

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: AMVHB5

Registrert dato: 19.02.2020 22:04:29

Innleiing
Uttalen blir gjeven <input type="radio"/> Personleg <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Føretak/lag/foreining Kvernbit IL, padlegruppe
Namn på innsendar Audun Håland
Rolle leiar padlegruppe
Adresse Galtenesvn 42
Postnummer 5918
Poststad FREKHAUG
Telefon 97033236
Telefaks audun@munnhola.no

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale: <input type="radio"/> Detaljregulering Manger aust <input checked="" type="radio"/> Områderegulering Midtmarka-Rotemyra
Uttale Kvernbit Kajakk (KK) har mål om å gje padletilbod og meistringsglede til alle, uansett funksjonsevne, alder, kjønn, etnisitet. Vi vil ha særleg fokus på personar med skjult eller synleg funksjonstap, og ser det som viktig å drive førebygging for born / unge innan autismespekteret, då desse er særleg utsett når det gjeld rus, psykiatri, kriminalitet. Vi er svært opptatt av å få på plass eit sjøsportsenter for all umotorisert sjøsport snarast råd, då dette er viktig for å kunne drive god førebygging. Vi har ikkje svært sterke meiningar om endeleg utforming av eit slikt senter, men høve til godt samarbeid med andre lag og med skule / barnehage er viktig. Det som derimot er avgjerande for trygg sjøaktivitet for ovannemnde grupper er at sjøområdet også utanfor senteret, fram til og med Håøya, er fritt for motorisert ferdsel. Det vil vere uråd å ha (juridisk) ansvar for m.a padling, særleg med utsette grupper, i område som også er lagt tilrette for motorisert ferdsle. Vi er derfor skeptisk til hotellutbygging såpass nær sjøsportsenteret. Vi vil gjerne kaste fram ein tanke om heller å legge tilrette for eit rehabiliteringssenter i området for tiltenkt hotell, eller endå nærare sjøsportsenteret. Gjerne etter modell av Hauglandsenteret i Flekke i Sunnfjord, som m.a har klientar frå vårt område. Truleg vil eit rehab.senter kunne gje like mange arbeidsplassar som eit hotell, både for kvalifisert helsepersonell og andre. Idag opplever ein at

pasientar etter kort tids opptrening på t.d Nordåstunet vert sendt heim til sjukeheim i staden for til meir aktiv vidare opptrening. Eg vil tru behovet er stort, og aukande ift demografisk utvikling / aldrande befolkning. Sjø-aktivitetar kan her bli ein viktig del av opptrening og rekreasjon, i vinn-vinn samarbeid mellom rehab.senter og padlegruppe, ro-og seglegruppe m.fl.

Til slutt eit ønskje: Kvernbit Kajakk startar på bar bakke, og må i første omgang satse på ein nomadetilværelse, med bruk av dei ulike vågane i nyekommunen. I seg sjølv ikkje negativt (mange vakre vågar!), men nokså krevjande for oss frivillige. Det er derfor eit stort ønskje for oss å få fram ein veg til området for sjøsportsenter så tidleg i prosessen som mogleg.